



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon til frådelling - Lindås – gnr. 25 bnr. 2 - Tvedt nedre

Vi viser til brev frå kommunen datert 18.01.19. Frist for uttale er 15.02.19.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet til frådelling av bustad nr. 2 på eigedom gnr. 25 bnr. 2. Den nye parsellen er oppgjeve med eit areal på om lag 1750 m2.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-formål med omsynssone landbruk. Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova (pbl.) sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Fylkesmannen si vurdering er at det er uheldig å dele ifrå våningshus nr to på garden. Den omsøkte tomta vil føre til omdisponering av dyrka mark i form av overflatedyrka mark og innmarksbeite. Det er eit nasjonalt mål å omdisponera mindre enn 4000 daa dyrka eller dyrkbar mark i året. Fylkesmannen er kritisk til slik omdisponering.

Frådellinga vil også føre til uheldig oppsplitting av landbrukseigedomen. Ved ein frådelling vil bustaden verte fritt omsetjelege og liggje med dyrka mark på alle kantar. Bustader i nær tilknytning til jordbruksdrift er ofte forbunde med konflikhtar rundt lukt og støy frå gardsdrifta. Fylkesmannen si vurdering er at ein vil kunne pårekna driftsulempar for landbruket i eit langtidsperspektiv.

Vi vil også peike på at bustaden ligg midt i omsynssone landbruk. Området er del av eit større samanhengande jordbruksområde. Ein skal vere varsam med frådelling i slike områder.

Fylkesmannen rår ifrå frådelling av hus nr. 2 på gnr. 25 bnr. 2.



Vi ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent